



Saksbehandlar: Gitte Halvorsen

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Vilt- og fiskeutvalet	

Kvotefri jakt på hjortekalv 2025 - søknad om dispensasjon fra § 18 i hjorteviltforskrifta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune vedtar å ikkje söke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/2026.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Miljødirektoratet opna i 2022 for at kommunar med interesse- og arealbrukskonflikter knytt til tette hjortebestandar kunne söke Miljødirektoratet om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv i tillegg til ordinær løyvetildeling (brev av 15.06.2022). Dette vart vidareført for jaktåret 2023/2024 (brev av 12.04.2023) og jaktåret 2024/2025 (brev av 06.03.2024).

Landbruksdirektoratet overtok forvaltningsansvaret for haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet 01.01.2025. Landbruksdirektoratet har valt å vidareføre ordninga med kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/2026, jf. brev av 27.03.2025.

Saks- og faktaopplysningar

Kommunen har mottatt brev frå Landbruksdirektoratet om høve til å söke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/ 2026 (hausten 2025), ved dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 18. I brevet dagsett 27.03.2025 står m.a.:

«Det er store hjortebestander i deler av landet, og i enkelte områder skaper dette betydelige interesse- og arealbrukskonflikter. Dette gjelder særleg blant aktivt næringsdrivende i landbruket langs kysten. En videreføring av ordningen med fri avskyting av hjortekalv ble ifølge Miljødirektoratet godt mottatt av næringsorganisasjonene, og erfaringene fra tidligere jaktsesonger er bra.

Landbruksdirektoratet mener det er behov for ei ny evaluering av hvordan den kvotefrie jakta på hjortekalv har fungert de siste årene, og hvordan dette eventuelt bør innrettes i årene som kommer. Av kapasitetshensyn har vi ikke hatt mulighet til å gjennomføre ei evaluering før jaktåret 2025/2025. Derfor velger vi å videreføre ordningen fra tidligere.»

Fristen for å söke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/2026 er 16.mai 2025. Søknaden skal innehalde kommunen si vurdering av særskilte behov for kvotefri jakt på kalv. Søknaden blir handsama av Landbruksdirektoratet etter føresegna om dispensasjon i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 37.

«Den ordinære fellingsstillsatelsen, inkludert kalv, skal tildeles av kommunen som normalt innen 15. juni. Eventuell kvotefri jakt på kalv kommer i tillegg til den ordinære kvoten. Kommunen må selv utforme tillatelse til kvotefri jakt på hjortekalv og informere valdene som får tildelt dette innen jaktstart 1. september.

Kommunen kan vurdere om det er hensiktsmessig at kvotefri jakt på hjortekalv fortrinnsvis tildeles til vald med bestandsplan, eller gis til vald i deler av kommunen der særskilte behov foreligger. Som annen jakt på hjortevilt, skal kvotefri jakt på hjortekalv skje innenfor godkjente vald og i tråd med regler for utøvelse av jakt, jf. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst med kommentarer. Adgang til kvotefri jakt på hjortekalv gjelder for alle jaktrettshavere i de vald som omfattes av ordningen. Det tilrås imidlertid at en søker å oppnå enighet blant rettighetshavere innen det enkelte vald om hvordan ordningen skal praktiseres.»

Bestandsutviklinga i Vindafjord – mål, tiltak, historikk

Fastsetting av minsteareal er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleik. Andre verkemiddel er fråvik frå minstearealet og bestandsplanlegging. Kommunen kan ved tildeling av løyre fråvike minstearealet med inntil 50% opp eller ned. Fråviket kan gjerast på bakgrunn av ulike levekår for hjort i kommunen, bestanden sin storlek og utvikling, den skade viltet forårsaker eller andre ekstraordinære forhold, (jf. Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 7).

Alt i 2004 vedtok Vindafjord kommune overordna mål for hjorteforvaltninga som i praksis innebar ei stabilisering eller reduksjon av hjortebestanden:

- Bestanden av hjort skal stabiliserast innanfor eit nivå som til ei kvar tid vurderast som berekraftig, både i høve til bestanden sin kvalitet og i høve til verksemda i andre samfunnssektorar.
 - Hjortebestanden skal ikkje representera ein trussel mot det biologiske mangfaldet i kommunen.
- Etter komunesamanslåinga vart desse måla formelt vedtatt for «nye» Vindafjord kommune i 2008.

Det interkommunale hjorteviltutvalet, eit samarbeidsorgan for forvaltning av hjortevilt for medlemskommunane Sauda, Suldal, Etne, Vindafjord, Tysvær, Bokn, Karmøy, Haugesund og Sveio, vedtok i 2013 «Hjorteviltplan for Det interkommunale Hjorteviltutvalet 2013 – 2015», med overordna, kortsiktige og langsiktige mål for hjorteviltforvaltninga i regionen.

Med bakgrunn i Hjorteviltutvalet sin plan og tidlegare vedtatte mål vedtok Vindafjord kommune så i 2014 følgjande overordna mål som forvaltningsmål for hjort i Vindafjord:

- Bestandane av hjort skal stabiliserast innanfor eit nivå som til ein kvar tid vert vurdert som berekraftig av kommunen, både i høve til bestandens kvalitet og i høve til verksemda i andre samfunnssektorar
- Hjortebestandane skal ha ein biologisk forsvarleg kjønnss- og aldersstruktur og oppretthalde sin genetiske variasjon
- Hjortebestandane skal ikkje representera ein trussel mot anna biologisk mangfald
- Hjortebestandane skal gi mest mogeleg stabil avkastning som grunnlag for ei sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting
- Regionen har som overordna mål at ein ønskjer større dyr i framtida (økt kroppsvekt/slaktevekt)
- Regionen har også som mål å redusere skadeomfanget knytt til skog og jord og ha færre trafikkdrepne hjort.

I tillegg vedtok kommunen å slutte seg til dei overordna, langsiktige og kortsiktige måla i Hjorteviltutvalet sin plan. Måla om auka kropps-/slaktevekter, redusert skadeomfang i skog- og jordbruk og tal trafikkdrepne hjort innebar å oppretthalde eit høgt uttak for å redusere bestanden.

Etter oppdrag frå Hjorteviltutvalet gjorde Norsk Hjortesenter i 2018 ei evaluering i forhold til måloppnåing av 4 utvalde delmål frå planen av 2013:

- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnssbalansen i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden

Som bakgrunn for Norsk Hjortesenter si vurdering av bestandsutviklinga i forhold til desse utvalde måla vart nytta nyaste tilgjengelege data, m.a. Sett hjort, fellingsstatistikk og statistikk over trafikkdrepne dyr. Vurderingane, med råd om korleis bestanden i regionen bør forvaltast dei fyrste 5 åra for å nå desse delmåla, vart presenterte i dokumentet «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023», vedtatt av Det interkommunale hjorteviltutvalet i 2018.

I følgje måldokumentet bør det årlege jaktuttaket ha ei slik fordeling (pkt. 9:2):

- Minimum 35% kalv av samla uttak
- Maksimum 15% eldre hanndyr
- Maksimum 15% spissbukk
- Minimum 35% hodyr 1,5 år og eldre


Dokumentet rår til å halde avskytingsprofilen lik og at meir lokale tilpassingar vert gjort gjennom totaluttaket.

I 2019 vedtok Vindafjord kommune vidareføring av dei overordna måla frå 2014 som forvaltningsmål for hjort i Vindafjord, og gjekk samtidig inn for å nytte dokumentet frå Norsk Hjortesenter som styringsverktøy for forvaltninga av hjort i Vindafjord.

Framlegg til nytt måldokument for hjorten på Haugalandet 2024-2028 er utarbeidd av Norsk hjortesenter, etter oppdrag frå Det interkommunale hjorteviltutvalet. Etter evaluering av nyaste tilgjengelege data legg framlegget opp til same avskytingsprofil som i førre periode. (Framlegget skal handsamast i Hjorteviltutvalet i mai 2025).

I 2004 vart minstearealet for hjort samordna mellom Ølen og Vindafjord kommunar og fastsett til 600 dekar, noko som innebar ein reduksjon av minstearealet i begge kommunane. Dette minstearealet vart vidareført for «nye» Vindafjord kommune ved ny forskrift i 2006. Grunna likt minsteareal over heile kommunen og ujamn hjortetettleik, har i tillegg fråvik frå minstearealet vore mykje nytta som verkemiddel i kommunen for å avhjelpe situasjonen i områda med størst utfordringar.

Gjennom 2000-talet arbeidde kommunen for å få kontroll på bestandsveksten. Etter ein topp i tal felte dyr i 2006-2009 (2007: 817 felte dyr) starta både tal felte dyr og tal observerte dyr på vårteljingane å synke/flate ut. Nokre harde vintrar tidleg på 2010-talet medførte store utfordringar for hjorteviltet. I staden for å oppretthalde eit høgt uttak i kommunen vart tal tildelte løyve redusert, då det vart mindre behov for fråvik frå minstearealet i delar av kommunen. Frå 2015 har vintrane vore milde og bestanden har auka. Frå 2019 vart minstearealet redusert til 500 dekar og høgt uttak av kalv og hodyr vart vektlagt, samt overvekt av hodyr i uttaket. Tal fellingsløyve og tal felte dyr er no høgare enn nokon gong, jf. figur 1.



Figur 1: Tildelte og felte hjort i Vindafjord 2008-2024. Raud strek: løyve. Blå strek: felte dyr.

Resultat fra jakta 2022, 2023 og 2024

Vindafjord kommune v/vilt- og fiskeutvalet vedtok 01.08.2022 (VILT-033/22) samråystes å søke om løyve til å tildele kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2022/2023 for heile kommunen. Miljødirektoratet godkjente søknaden i brev av 09.08.2022. Eitt vald (vald 3 Valåsen) ønskte ikkje å vere med på ordninga.

Ordninga vart vidareført for både jaktåret 2023/2024 og 2024/2025. Miljødirektoratet godkjente kommunen sine søknadar i brev av 25.05.2023 og 17.04.2024. Kommunen tildelte kvotefri jakt på hjortekalv til alle vald i kommunen hausten 2023 og hausten 2024.

Både vald med og utan bestandsplan nyttar seg av ordninga. Av valda utan bestandsplan felte 19 vald til saman 35 frie kalvar i 2022, 16 vald felte 31 frie kalvar i 2023, mens 17 vald felte 22 frie kalvar i 2024. Desse valda ligg fordelt i heile kommunen. For vald med bestandsplan kjem tal kalvar felte på ordninga ikkje like tydeleg fram, men for fleire av desse valda bidrog ordninga til å auke kalvedelen i uttaket og den totale fellingsprosenten både i 2022, 2023 og 2024.

Vindafjord tildelte 1200 ordinære løyve for hjort for hausten 2022. Det vart felt 1126 dyr (93,8%):

FELTE HJORT 2022				
	KALV	UNG DYR	ELDRE	
HANN	198	172	164	534
HO	190	205	197	592
	388	377	361	1126

	KALV	UNG DYR	ELDRE	
HANN	17,6 %	15,3 %	14,6 %	47,4 %
HO	16,9 %	18,2 %	17,5 %	52,6 %
	34,5 %	33,5 %	32,1 %	100,0 %

For jakta 2023 tildelte kommunen 1233 ordinære løyve for hjort. Det vart felt 1129 dyr (91,6%):

FELTE HJORT 2023

	KALV	UNGDYR	ELDRE	
HANN	204	180	148	532
HO	184	208	205	597
	388	388	353	1129

KALV UNGDYR ELDRE

HANN	18,1 %	15,9 %	13,1 %	47,1 %
HO	16,3 %	18,4 %	18,2 %	52,9 %
	34,4 %	34,4 %	31,3 %	100,0 %

For jakta 2024 tildelte kommunen 1244 ordinære løyve for hjort. Det vart felt 1043 dyr (83,8%):

FELTE HJORT 2024

	KALV	UNGDYR	ELDRE	
HANN	182	165	142	489
HO	171	197	186	554
	353	362	328	1043

KALV UNGDYR ELDRE

HANN	17,4 %	15,8 %	13,6 %	46,9 %
HO	16,4 %	18,9 %	17,8 %	53,1 %
	33,8 %	34,7 %	31,4 %	100,0 %

Resultata for 2022-2024 er svært nær den tilrådde fordelinga i måldokumenta som kommunen har følgt for 2018-2024. Det kan sjå ut til at ordninga med kvotefri jakt på hjortekalv har bidratt både til auka fellingsprosent og til betre måloppnåing for fordelinga av felte hjort i Vindafjord i både 2022, 2023 og 2024.

Vurdering

Utdrag frå vurderinga i sak VILT-004/24 av 16.04.2024:

«Forvaltning av hjort kan vere utfordrande ettersom tal for reell bestandsstorleik, kjønns- og aldersfordeling ikkje er tilgjengelege og alle vurderingar og avgjerder må takast på grunnlag av historiske tal og data og lokalkunnskap. Ein må og vere førebudd på lite føreseielege svingningar mellom år og endring i arealbruk, som kan krevje tilpassing av planar og verkemiddel for å nå måla.

Sidan starten av 2000-talet har kommunen nytta dei tilgjengelege verktøyå gitt i lovverket for å redusere skadar på jord- og skogbruk og tal påkjørslar. Minstearealet har vore sett ned ved fleire høve, samtidig som fråvik frå minstearealet har vore nytta i stor grad. I 2022 har meir enn halvparten av valda (36 av 68 vald) godkjent fråvik frå minstearealet, m.a. på grunn av stor hjortetettleik med mykje skadar på både jordbruk og skogbruk og trafikkpåkjørslar. Frå 2019 er og uttaket av kalv og

koller vektlagt sterkare, og hodyrdelen i uttaket har vore over 50% i kommunen, for raskare å nå kommunen sine mål for bestandsutviklinga.

For jakta 2022 og 2023 tildelte kommunen 1200 og 1233 løyve på hjort. Av desse var høvesvis 735 og 751 løyve forvalta med bestandsplanar. Til valda utan bestandsplanar tildeler kommunen opp mot 35% kalv, i samsvar med måldokumentet. Bestandsplanane har noko lågare uttak av kalv, slik at delen kalv av tildelte løyve utgjer nær 28% i kommunen.

Etter tiltaka i 2019 og omlegging til høgare uttak av kalv og hodyr, samt overvekt av hodyr i uttaket, har kalvedelen av tal felte dyr auka i kommunen frå 27% i 2019 til 30,7% i 2021. Med kvotefri jakt på hjortekalv i 2022 og 2023 auka kalvedelen i uttaket til 34,5%. Vidare ligg fordelinga på kjønn og alder i uttaket elles svært nær den tilrådde fordelinga i måldokumentet som kommunen følger. Det er grunn for å tru at ordninga med kvotefri jakt på hjortekalv under jakta 2022 og 2023 har bidratt både til auka fellingsprosent og til betre måloppnåing for fordelinga av felte hjort i Vindafjord desse åra.


Tal felte hjort har vore aukande sidan 2015. Dei siste 3 åra har likevel veksten i uttaket vore mindre kvart år, og i 2023 var uttaket om lag det same som året før. Vårteljinga for kommunen totalt kan syne tendens til nedgang dei to siste åra. Sett i samanheng kan det sjå ut som om bestandsveksten kan vere i ferd med å stoppe opp og at tiltaka som har vore nytta fungerer. Kvotefri jakt på hjortekalv er eit av desse tiltaka og har vist god effekt.

Skogbrukslova, § 6, pålegg skogeigar å forynge på nytt etter hogst av bartre. Skadar av hjort i plantefelt av gran er ei stor utfordring i mange område i kommunen. Planting og suppling etter skade er kostbart for skogeigar og gir ikkje optimal utnytting av offentlege tilskot. Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge etter skogbrukslova §6, pålegg skoglova kommunen som viltorgan å vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket vert redusert.

Tettleiken av hjort varierer i kommunen, og innanfor valda. Aktivt drivne jordbruksareal er meir attraktive for hjorten enn areal i mindre aktiv bruk. Den økonomiske belastninga av skadebeiting vert dermed ujamt fordelt på eigedommane. Kvotefri avskyting av hjortekalv hausten 2024 kan vere eit godt ekstra verktøy for å avhjelpe skadesituasjonen på jord- og skogbruk i valda med størst utfordringar og dempe interessekonfliktane internt i valda.

Uttak i kategorien kalv er til vanleg fordelt ganske jamt mellom kjønna. Kvotefri jakt på hjortekalv kan gjennomførast utan at dette får uheldige konsekvensar for kjønnsfordelinga i bestanden. Ein får og høve til å ta ut morlause kalvar eller kalvar med dårlig kondisjon før vinteren.»

Kommunedirektøren si vurdering etter jakta 2024



Figur 2: Felte hjort 2020-2024

Kommunen har no tildelt kvotefri jakt på hjortekalv i 3 år. Eit av hovudføremåla har vore å nytte dette ekstra verktøyet til å stanse bestandsveksten for hjort.

Figur 2 syner fellingsresultatet dei siste 5 åra. Veksten i tal felte dyr har minka for kvart år og tal felte dyr var i 2024 lågare enn året før for første gong sidan 2015 (jf. fig. 1).

Ut frå desse tala kan det sjå ut som at tiltaka kommunen har nytta, deriblant kvotefri jakt på kalv, så langt har fungert.

Elles syner vårteljinga for kommunen tendens til nedgang i 2022 og 2023 (tala for 2024 er ikkje klare), mens sette dyr pr. jegerdag ligg relativt stabilt frå 2021 til 2024. Kommunen har denne hausten og vinteren også fått tilbakemeldingar om at det stadvis er færre dyr i terrenget enn før.

Med bakgrunn i tala over og mottatte innspel ser ikkje kommunedirektøren behov for å nytte kvotefri jakt på kalv i 2025/2026 for å halde fram bestandsreduksjonen, men at det vil vere tilstrekkeleg å nytte dei ordinære verkemidla, som tidlegare, for å nå forvaltningsmåla.

I tillegg har kommunen fått innspel om meir urolege dyr. Ordninga med kvotefri jakt på kalv gjeld alle jaktrettshavarar i valdet, ikkje berre dei grunneigarane som har ordinære løyve det bestemte året. Det betyr i praksis at det vil kunne vere fleire jegerar i terrenget til ei kvar tid og i lengre periodar av jakta, då det «alltid vil vere dyr igjen». Å avstå frå kvotefri jakt vil kunne skape meir ro i terrenget.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Med bakgrunn i saksutgreiinga rår kommunedirektøren til at Vindafjord kommune ikkje søker om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2025/2026.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (2016)

Vedlegg:

Kvotefri jakt på hjortekalv 2025 - dispensasjon fra hjorteviltforskriftens § 18